

Sigurd Skirbekk –
(Manuskript frå 2016, sendt Dag og Tid)

Fem tesar om nasjonalisme

1) Nasjonalisme er eit program for at politiske og kulturelle grenser i størst mogeleg grad bør falla saman.

Dette prinsippet har vore formulert av fleire, klårast av filosofen Johann Gottfried Herder. Grunngevingane for prinsippet har vore mange. Ei av dei viktigaste er at dette prinsippet vil gje ulike folk høve dei beste vilkåra for å realisere sin kultur i djupna, også der dette krev visse former for politikk.

Nasjonalismen treng ikkje stå i motsetnad til lokale og sosiale variasjonar, eller for den del til overnasjonale einingar. Den kulturelle grunngevinga for nasjonalismen set den derimot i motsetnad til ein politikk som berre tek sikte på å vera ein administrasjon av ulike pressgrupper eller å vera eit instrument for ein spesiell maktelite.

2) Nasjonalisme er dels historisk utvikla, dels samtidig bestemt og dels framtidsretta.

Nasjonalisme som prinsipp byggjer på at folk er forma av ein kollektiv historisk arv, utvikla gjennom erfaring frå mange slektledd, men er og avhengig av eit nasjonalt program som kan gje denne erfaringa felles form. For å bli vellukka må eit slikt program vera ein syntese av folkeleg erfaring og fortolkingar utførde av ein elite.

Nasjonalismen har ikkje karakter av å vera ein slags natur, som

røktar seg sjølv uavhengig av kva vi måtte meine om han. Nasjonalismen er heller ikkje eit kulturelt påfunn av politiserande kunstnarar. Kategorialt er nasjonal kultur kollektivt utvikla og samstundes konstituerande for det folkelege fellesskap i ein nasjon.

Mellom dei viktigaste elementa i ein nasjonal kultur kan vi i ulike land finna forskjellig vektlegging av religion og språk, etnisitet og felles historie. Ein nasjonal arv må fornyast for kvar generasjon, og også tilpassast slik at han blir målretta og peikar framover.

I eit land som Noreg har ikkje minst dei språklege sidene ved nasjonbygginga vore viktige. Samanhengen gjennom gamalnorsk, mellomnorsk og nynorsk representerer ein djupdimensjon ved den nasjonalkulturelle identiteten, og har dessutan vore ein bindelekk til ordformer og livstolkingar som våre forfedrar har halde seg til. Samanhengar mellom lokalformer og riksnormer har gjort sitt til å halda nasjonen saman.

3) Moderne nasjonalisme er basert på folkesuvereniteten.

I motsetnad til ein tidlegare dynastisk nasjonalisme, som var basert på lojalitet til ein fyrste eller ein konge, er moderne nasjonalisme bunden til eit heilt folk. Nasjonalismen blir eit prinsipp som bind folket saman og hindrar nasjonen frå å segmenterast i uforsonlege gruppeinteresser, for deretter å bli underlagt viljen til ein ordnande maktelite.

Moderne nasjonalisme kan ikkje reduserast til eit instrument for spesielle grupper. Han er heller ikkje ein ideologi for ein spesiell tidsalder, til dømes for borgarskapet i industrisamfunnet.

4) Nasjonalismen er ein moralsk autoritet for eit folk

Mange argument for nasjonalismen dreiar seg om vilkåra for folkeleg frigjering og for kulturell utvikling. Samstundes framstår nasjonalismen som ein moralsk storleik, delvis med autoritet over individet. Både minnet om livskampen til dei som har gått føre oss og omsynet til livssjansane for dei som kjem etter oss vert moralske bremsar på innfalla til ein gjer-som-du-vil-generasjon.

Samfunnsautoritet på eit nasjonalt nivå har større sjansar for å verta ein effektiv brems på kortsynt egoisme enn ein meir abstakt universell autoritet, mellom anna fordi den nasjonale autoriteten står nærare egne folk og livsformer. Her er det likevel grunn til å skyta inn at nasjonalismen som moralsk autoritet avheng av det som Benedict Anderson har kalla for "førestilt fellesskap", og bør difor forståast som eit kulturelt ideal heller enn som eit sosialt gjennomsnitt.

Den moralske sida av nasjonalismen er ikkje minst viktig for demokratiske statar, som må gå ut frå at det er mogeleg å styra utan for mykje direkte maktbruk.

5) Nasjonalisme er ein føresetnad for eit fungerande demokrati.

Demokrati tyder folkestyre. Men det er ikkje utan vidare gjeve kven som høyrer til eit folk og kven som ikkje gjer det. Heller ikkje er moralsk lojalitet mellom individ og grupper noko som vert utvikla automatisk berre vi får til visse politiske vedtak. Den første føresetnaden for at eit folkestyre skal fungera, er at folk er kulturelt konstituerte som eit folk; mennesket må oppfatta seg som del av eit folk og ha kjenneteikn på at det høyrer saman med dei andre. Med to greske uttrykk kan vi seia

at det historiske folk, *ethnos*, er ein føresetnad for at vala til det veljande folk, *demos*, skal bli respekterte.

Franskmennene, som først formulerte prinsippa for nasjonen som ei eining av folk med sams rettar, kom snart til å erfara at "demos" ikkje kunne stå på egne bein.

Litteratur til utdjuping:

Til tese 1

Hans Kohn (red) : *Nationalism. Its Meaning and History*.
Norstrand, N.Y. 1965

John Huchinson & Anthony D. Smith (red): *Nationalism*.
Oxford University Press 1994.

Robert T. Clark: *Herder : his life and thought* Berkeley, Calif.
1969.

Til tese 2

Anthony D. Smith: *National Identity*. Penguin, London 1991

Anthony D. Smith: *The Ethnic Origins of Nations*. Blackwell,
London 1986

Oddmund Løkensgard Hoel: *Nasjonalisme i norsk målstrid
1848-1865*. KULT/NF, Oslo 1996

Inge Adriansen: *Fædrelandet, folkeminderne og modersmålet*. Museumsrådet, Sønderborg 1990

Til tese 3

John Hutchinson: *Modern nationalism*. Fontana, London 1994

J. A. Armstrong: *Nations before Nationalism*. Chapel Hill, N:C. 1982

Otto Dahn og Hans Ulric Wehler (red): *Nationalismus und Nationalstaat. Studien zum Problem im modernen Europa*. Vanderhoeck & Ruprecht, Göttingen 1991.

Til tese 4

Benedict Anderson: *Imagined Societies: reflections on the origin and spread of nationalism*. Verso, London 1991.

Paul James: *Nation Formation. Toward a Theory of Abstract Community*. Sage, London 1966

W. Watt Miller: *Durkheim, morals and modernity*. UCL Press, London 1996

Til tese 5

Øyvind Østerud: *Hva er nasjonalisme?* Universitetsbiblioteket, Oslo 1994

Øyvind Østerud: *Nasjonenes selvbestemmesrett*. Universitetsforlaget, Oslo 1991

Raoul Girardet: *Le nationalisme français. Anthologie 1871-1914*. Seuil, Paris 1983

Sugata Bose, Ayesha Jalal: *Nationalism, democracy and development: state and politics in India*. Oxford University press, Dehli 1997

Sugata Bose, Ayesha Jalal: *Nationalism, democracy and development: state and politics in India*. Oxford University press, Dehli 1997

Til tese 6

Michael E. Brown, Sean M. Lynn-Jones, Steven E. Miller: *Debating the democratic peace*. MIT; Cambridge, mass 1996

Dennis C. Mueller: *Constitutional democracy*. Oxford University Press, 1996.

Rudolph J. Rummel: *Power Kills. Democracy as a Method of Nonviolence*. Transaction Publishers, New brunswick og London 1997

Til tese 7

W. D. Smith: *The Ideological Origins of Nazi Imperialism*. N.Y. 1986

Peter Alter: *Nationalism*. Edw. Arnold, London 1985